

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017**

**Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** sette på vegner av KrF, A, Sp, SV, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag (a):

1. «Fylkesutvalet viser til rapport frå teknisk /økonomisk forprosjekt for Masfjordbrua. Rapporten gjev eit godt grunnlag for vurdering av moglege tekniske løysingar og kostnader for aktuelle bruløysingar / brukkonsept.
2. Fylkesutvalet konstaterer at andre utrekningar viser at bompengar, midlar til ferjeavløysing og kommunalt tilskott kan vera tilstrekkeleg til å fullfinansiera prosjektet. Fylkesutvalet går difor inn for at Hordaland fylkeskommune, saman med Statens vegvesen og Masfjorden kommune, arbeider vidare med nærmere avklaringar rundt Masfjordsambandet, og at prosjektet vert handsama i eiga sak.
3. Fylkesutvalet ber om det straks vert satt i gang ein prosess mot departementet om førehandsavklaring knytt til ferjeavløysingsmidla, og at resultatet av dette med overslag på kor mykje bruprosjektet kan utløyse vert lagt fram som eiga sak innan oktober 2017.»

**Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** sette på vegner av KrF, A, Sp, V, Frp og H fram slikt forslag (b):

«Utval for miljø og samferdsel støttar Masfjorden kommune i å opprette eit selskap finansiert av Masfjorden kommune som i samarbeid med fylkeskommunen lagar eit finansieringsopplegg.»

### **Røysting**

Byrknes sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Byrknes sitt forslag (b) vart vedteke mot 2 røyster (SV, MDG).

### **Vedtak**

Utval for miljø og samferdsel støttar Masfjorden kommune i å opprette eit selskap finansiert av Masfjorden kommune som i samarbeid med fylkeskommunen lagar eit finansieringsopplegg.»

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet viser til rapport frå teknisk /økonomisk forprosjekt for Masfjordbrua. Rapporten gjev eit godt grunnlag for vurdering av moglege tekniske løysingar og kostnader for aktuelle bruløysingar / brukkonsept.
2. Fylkesutvalet konstaterer at andre utrekningar viser at bompengar, midlar til ferjeavløysing og kommunalt tilskott kan vera tilstrekkeleg til å fullfinansiera prosjektet. Fylkesutvalet går difor inn for at Hordaland fylkeskommune, saman med Statens vegvesen og Masfjorden kommune, arbeider vidare med nærmere avklaringar rundt Masfjordsambandet, og at prosjektet vert handsama i eiga sak.
3. Fylkesutvalet ber om det straks vert satt i gang ein prosess mot departementet om førehandsavklaring knytt til ferjeavløysingsmidla, og at resultatet av dette med overslag på kor mykje bruprosjektet kan utløyse vert lagt fram som eiga sak innan oktober 2017.